

May Ann Fimland

Hei, beklagar sein tilbakemelding

### Om bygging på gbnr 37/57

**Arealbruken** i kommuneplanen er byggeområde for bustad.

**Endring** av tomtegrenser eller tilkomstveg krev dispensasjon frå kommuneplanen, som har arealbruken LNF utanom tomtene og eksisterande veg. Sjå vedlagt utsnitt av kommuneplanen.

For å få gjort slike endringar må du senda inn

- Søknad om dispensasjon (brev med grunngjeving)
- Delingssøknad underteikna av begge grunneigarane som skal justera grenser
- Nabovarsel til dei to næraste tomtene
- Kart der omsøkt endring er innteikna

Dispensasjonssaker skal først på høyring til fylkesmannen (landbruk og miljøvern) og fylkeskommunen. Vedtak om dispensasjon vert gjort av plan- og miljøytvalet.

Gebyret for dispensasjonsvurdering er kr 10.500,-.

I tillegg til gebyr for delingssøknad, frå 4.000,- (avklarast med arealplanavd.)

og oppmålingsforretning frå kr 9.500,- (avklarast med geodataavd.)

Det er svært små justeringar av grenser som kan gjerast utan å gå vegen om dispensasjon og delingsvedtak (kanskje 5% av tomtearealet)

Spørsmål om delingsløyve/dispensasjon: Vagleik Stusdal [vagleik.stusdal@lindas.kommune.no](mailto:vagleik.stusdal@lindas.kommune.no)

Spørsmål om kart/oppmåling : Einar Rydland [einar.rydland@lindas.kommune.no](mailto:einar.rydland@lindas.kommune.no)

**Avløp:** Søknad om utsleppsløyve , og reinsekravet er minireinseanlegg med biologisk og kjemisk reinsing. Du bør alliera deg med ein røyrleggar som kan sjå på plassering av anlegget og kvar avløpet kan førast vidare til bekk med heilårs vassføring eller til jordbruksdren.

**Avkjørsel:** Søka om utvida bruk, visa til tidlegare løyve som har gått ut.

**Vassforsyning:** Lova krev at du knyter til deg til offentleg vassleidning når den går over nærliggende areal, dersom det ikkje medfører uforholdsmessig stor kostnad. Avstand i luftlinje er 100 m og høgdeskilnaden ca 30 m.

**Byggesøknad:** Du må ha ein ansvarleg søkar (byggefirma,arkitekt, byggmeister) til å senda inn byggesøknad. Han skal vita kva som trengst til søknaden og han har alle skjema.

Eg sender kart, naboliste og diverse skjema i posten.

Les om bygging, dispensasjonar osv: [www.bing.nu](http://www.bing.nu)


### Med helsing

#### **Knut Bjørnevoll**

sakshandsamar byggesak

Lindås Kommune

tlf 56 37 50 00



Boligområde	Kommun teknisk virksomhet	Bånd, etter lov om naturvern
Erverv	Frisområde	Bånd, etter lov om kulturmin
Fritidsbebyggelse	Frisområde idrettsanlegg	Bånd, etter fritidsloven
Offentlig bebyggelse	Skuleplass	Nedsløst felt/drikkevann
Bygninger med særskilt slutt	Annet byggeområde	Omr. som skal reguleres PBL
Kommunaltelanlegg	LNF omr. n best. omr. i utbygg	Bånd, etter annet lovverk
Grav og umdømt	LNF omr. m best. omr. i utbygg	Særsk. bruk/vann av sjø/saerok
Avfallsbehandling	Omr. for riste/utvanning	Vann med restslusjon

Dato: 2010.05.26  
Styrt: Kjø

**Lindås kommune**  
Byggesak

Kommuneplan

Skala: 1:1000

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.